



Blir campingområdet oppretthalde?

**Den svært langdryge saka om reguleringsplan for turistanlegga i Uskedalen vandrar vidare og siste nytt er at forvaltningskomiteen har handsama spørsmålet om mekling,**

**Komiteen støttar framlegget til plan slik det no ligg føre og rår til at det vert gjennomført mekling med fylkesmannen si miljøvernavdeling om å trekkja motsegna slik at campingområdet C3 vert godkjent.**

Komiteen har utpeika lokalpolitikarane Tove Lill Lakselv og Elin Legland til å vera med på meklinga. Det er no 2 1/2 år sidan reguleringsplanen vart lagt ut til offentlig ettersyn og fylkesmannen kom med motsegn mot campingområdet ved elvosen.

Administrasjonen i kommunen gjennomførte drøftingar med fylkesmannen og utbyggjarane for å rydda motsegna av vegen, men lukkast ikkje.

I sommar vart eit nytt oppgradert planforslag, framleis med C3 i planen, sendt miljøvernavdelinga der det vart argumentert for trekking av motsegna, men avdelinga stadfesta at ho står ved lag.

Administrasjonen tolkar no diverse drøftingar og spørsmål i politiske organ slik at det er semje om å oppretthalda campingområdet C3. Rådmannen slår fast at det er ønskeleg med politisk representasjon under drøftingane.

Av Ola Matti Mathisen